



Arkivnr: 2014/10030-32

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		02.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

### Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2015

#### SAMANDRAG

Skulebruksplanen (SBP) for perioden 2012-2025 vart handsama i fylkestinget i desember 2012 og mars 2013. Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert følgd opp gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2025. Gjennomføring av tiltaka vil skje i linja.

#### Rapportering til politisk utval

Prosjektet sokjer å gi ein statusrapport på gjennomføring av tiltaka i juni kvart år. Når det gjeld konsekvensar for tilbodssstrukturen som følgje av gjennomføring av tiltaka i skulebruksplanen, vert dette gjort greie for i klasesaka kvar haust.

I denne saka vert det ikkje gjort framlegg om vedtak knytt til einskilde prosjekt. Forhold knytt til skular og struktur som går utover dei struktursakene som vert handsama i klasesaka, vert fremja som sjølvstendige saker for politisk handsaming.

Fylkesrådmannen har vidare intensjon om å legge fram ei rullering av Skulebruksplanen i 2016.

Denne løypemeldinga tar føre seg status i arbeidet med gjennomføring av vedtaka i skulebruksplanen knytt til alle skulane i Hordaland.

#### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.05.2015

### Overkapasitet på (studiespesialiserande) ST i Bergen

I Bergen er det no ein relativt stor overkapasitet på elevplassar på ST. Elevsøkinga viser at elevane søker mot skulane i sentrum. Dei fleste privatskulane er store på studiespesialiserande, og desse er i all hovudsak lokaliserte i sentrum. Hordaland fylkeskommune satsar på eit omfattande tilbod i sentrum og møter konkurransen frå privatskulane gjennom Amalie Skram vgs og utviding av tilboden på studiespesialiserande på Bergen Katedralskole. Samtidig er det overkapasitet i bydelane. Slik situasjonen er i Bergen med omsyn til søkjemønster og kvar elevane bur i forhold til kvar dei går på skule, kan ein ikkje sjå på tilboden i bydelane isolert sett. Fylkesrådmannen arbeider med dimensjonering av tilboden på studiespesialiserande samt dei to nye studieførebuande programma *Kunst, design og arkitektur* og *Medier og kommunikasjon*. Dette vil bli lagt fram i eiga sak for politisk handsaming hausten 2015. Det vert planlagt med at strukturelle endringar kan ha verknad frå skuleåret 2016/2017 (Jf melding OPHE 12.05.15 ).

### Region Nord

#### Arna vgs og Garnes vgs

Vedtaket i Skulebruksplanen (SBP) tilseier at ST ved Garnes vgs skal vidareførast, og at skulane skal slåast saman i lokala til Arna vgs. Ettersom denne skulen ikkje er planlagt for ST, vil ei samanslåing medføre trøng for ombygging eller tilbygg. Fylkesrådmannen vurderer det difor som lite tenleg med ei fysisk samanslåing av skulane i lokala til Arna vgs før det er gjort ein gjennomgang på tilbodsstrukturen innan ST i Stor-Bergen.

Fylkesrådmannen meiner det er føremålstenleg å gjennomføre administrativ samanslåing av skulane i 2016, og planlegg oppstart av arbeidet hausten 2015.

I samarbeid med Bergen Kommune vart det hausten 2014 gjennomført eit utgreingsarbeid med tanke på ein ny 8-13-skule på Seimsmyrane i Arna. På bakgrunn av arbeidsgruppa sin rapport vart dette politisk handsama i Fylkestinget i mars 2015 med følgjande vedtak:

1. *Fylkesrådmannen tilrar eit samarbeid med Bergen kommune om reguleringsarbeidet på Seimsmyrane slik at det vert tatt omsyn til eit framtidig vgs-tilbod i tilknyting til ungdomsskulen. Det vidare reguleringsarbeidet og ny bydelsplan vil avgjere om Seimsmyrane er den best eigna lokaliseringa i Arna.*
2. *Eit 8-13-samarbeid skal avgjerast etter at reguleringsarbeidet på Seimsmyrane er avslutta.*
3. *Eit 8-13-samarbeid på Seimsmyrane skal utgriast vidare med Bergen kommune innanfor ramma av følgjande samarbeidsmodellar:*
  1. *Samlokalisering: Skuleeigarar som no, ulike bygg for grunnskule og vidaregåande opplæring i felles nærområde.*
  2. *Sambruk: Skuleeigarar som no, men samarbeidsavtale om bygg med funksjonar i fellesskap som til dømes kantine, spesialrom, fellesrom.*
  3. *Samorganisering: Felles bygg og felles opplæringsverksemド gjennom samarbeidsavtale mellom kommune og fylkeskommune. Arbeidsgjevaransvar som no, men samarbeid om kompetanse (disponering av personalet og kompetanseutvikling).*
4. *Forsøk med 8-13-skule med ein felles skuleeigar og arbeidsgjevar for både grunnskule og vidaregåande opplæring.*

På bakgrunn av dette har byrådet i Bergen vedteke at det skal leggast til rette for lokalisering av både ungdomsskule og vidaregåande skule innanfor planområdet for Seimsmyrane. Fylkesrådmannen har kontakt med kommunen med tanke på framdrifta av reguleringsarbeidet.

Osterøy vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Austrheim vgs

Avtale om sal av elevplassar til elevar frå Sogn og Fjordane er prisjustert og vidareført fram til og med skuleåret 2016/2017.

I samarbeid med Austrheim Kommune vart det hausten 2014 gjennomført eit utgreiingsarbeid med tanke på ein ny 8-13-skule i Austrheim. På bakgrunn av arbeidsgruppa sin rapport vart dette politisk handsama i Fylkestinget i mars 2015 med følgjande vedtak:

*«Det vert gjort formell avtale om gjensidig forplikting og samarbeid om undervisning i eit 8-13-løp mellom Hordaland fylkeskommune og Austrheim kommune med utgangspunkt i skulen si noverande plassering i Mastrevikane. Naudsynt rehabilitering vert gjort. Fagtilbodet på Austrheim vert utvikla med utgangspunkt i det tilbodet skulen gir i dag (ALT. 1).»*

*Hordaland fylkeskommune arbeider mot eit tettare samarbeid og involvering retta mot kommunane i Nordhordland og Sogn og Fjordane (Gulen / Solund).»*

Samarbeid med Austrheim kommune når det gjeld mellom anna undervisningsprosjekt og biblioteknester er godt i gang, men det er framleis ein del avklaringar som må på plass før ein kan legge fram eit forslag til ein formalisert samarbeidsavtale knytt til undervisning.

Utifrå kostnadane ved naudsynt rehabilitering og dei därlege eigenskapane noverande bygg har som skule, vil det vere meir tenleg med nybygg på tilstøytande tomt som fylkeskommunen eig i Mastrevikane. Arbeidet med planlegging av nybygg er ikkje starta opp enno.

Fylkesrådmannen vil kome tilbake til vidare utvikling av Austrheim vidaregåande skule i høve rullering av skulebruksplanen i 2016 (Jf melding til FU 23.04.15).

Knarvik vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Vidaregåande skular i Åsane – Nye Åsane vgs – Åsane vgs – U. Phil vgs – Lønborg vgs - Tertnes vgs  
 Reguleringsplanen for Åsane senterområde, som skuletomta er del av, er vedteken, og det er inngått ein avtale om rekkefølgjekrava knytt til reguleringsplanen. Detaljregulering av skuletomta kan først starte når pris- og designkonkuransen er gjennomført.

Hausten 2014 vart programmeringsarbeidet av Nye Åsane vgs stansa fordi det var fleire avklaringar som måtte gjerast før ein hadde eit godt nok grunnlag for å fortsette arbeidet. Ei sentral avklaring mtp på dimensjoneringa og tilbodstrukturen på skulane i Åsane var Bergen kommune sine planar for bygging av idrettshall på Myrdal. I desember 2014 avgjorde Bergen kommune at det blir realisert ny idrettshall på Myrdal. Programmeringsarbeidet av skulane i Åsane starta opp igjen i 2015.

Når byggearbeidet kan starte, er førebels noko usikkert men det kan truleg tidlegast starte i 2017 med ei foreløpig stipulert byggjetid på 2 år. Det må mellom anna takast etterhald om framdrifta på grunn av stopp i programmeringsarbeidet og hindringar som kan oppstå i samband med detaljregulering av skuletomta. Framdrifta for Nye Åsane vgs må òg sjåast i samanheng med arbeidet som skal gjerast på Tertnes vgs. Dette må vere avslutta før ein kan starte bygginga av Nye Åsane vgs.

Fagtilbod og dimensjonering av Nye Åsane vgs og Tertnes vgs vert lagt fram som eiga sak (jf sak 2014/10030-27) for avgjerd i fylkestinget i juni 2015. Vidare vil denne saka legge opp til vedtak knytt til:

- Organisering av yrkesfaga- og etablering av opplæringssenter innan byggfag på Nye Åsane vgs
- Samarbeid om bruk av idrettshall med Bergen kommune

- Integrering av areal til Kulturhus i Nye Åsane vgs
- Samlokalisering av Nye Åsane vgs og fengselsundervisninga ved avd Fossane

## **Region Sentrum**

### Tilrettelagt tilbod (TO) i Bergen

TO-tilboden i Margaretastredet (Bergen tekniske fagskole) flyttar fysisk til Årstad vgs hausten 2015. I Bergen Vest og Askøy er det trøng for fleire elevplassar i grupper med redusert elevtal. Dette må ein arbeide vidare med framover.

### Bergen Maritime vgs

For å løyse skulen sitt arealbehov mellom anna med tanke på auka tilbod på Elektrofag (EL) og TIP er det inngått leigeavtale med Odfjell eiendom A/S på leigearreal i tilstøytande bygg. Dette inneber ein arealauke på om lag 800 kvm. Dette vil utgjere den arealmessige ramma for skulen framover. Dersom det er trøng for ytterlegare auke i tilboden på TIP og EL, vil Årstad vgs kunne ha kapasitet til noko utviding innanfor eksisterande areal når byggearbeidet der er ferdig.

### Årstad vgs

Skulen har overtatt tilboden i Helse og oppvekst (HO) frå Bjørgvin vgs. Tilboden vil bli gitt i lokala til Bjørgvin vgs fram til byggearbeidet på Årstad er ferdig hausten 2016. Vg3-tilboden innan helsesekretær er ikkje dimensjonert i SBP ved Årstad vgs, men ved Nye Åsane vgs. Det er difor naudsynt med ei avklaring på kor dette tilboden skal vere fram til Nye Åsane vgs er ferdig.

Frå hausten 2016 til vert tilboden innan Design og handverk (DH) flytta tilbake i rehabiliterde lokale, og leigelokala i Solheimsgata vert fasa ut.

Rehabiliterde lokale for TO vert tatt i bruk frå hausten 2015. Samstundes vert TO-tilboden som no held til i Margaretastredet, flytta til skulen.

### Bergen Katedralskule (BKS) – Vaksenopplæring (VO) – BHG-bygget - Kyrre skole

Programmeringsarbeidet for utviding av tilboden på BKS er avslutta, og OPHE gjorde vedtak om dimensjonering av tilboden ved skulen i januar 2015. På denne bakgrunn vert det lyst ut entreprenørkonkurranse hausten 2015. Det er planlagt byggestart primo 2016 og ferdigstilling innan utgangen av 2017. I denne perioden vil tidlegare Tanks vgs fungere som mellombels undervisningslokale.

Ombygginga av BHG til Vaksenopplæring er i full gang. Bygget skal vere klart til å takast bruk i løpet av hausten 2015. I mellomtida har Vaksenopplæringa si undervisning i tidlegare Tanks vgs.

Kyrre skole rettar sitt tilbod til ungdomar med psykiske vanskar og med behov for tilrettelegging i form av eit mindre skolemiljø, mindre undervisningsgrupper og færre timer i veka. Mange har oppfølging gjennom OT/PPT. Skulen gir i dag undervisning til om lag 110 elevar. Det er ikkje kapasitet til å auke dette tilboden i noverande lokale. Det bør vurderast å auke tilboden til denne gruppa elevar, men denne type undervisnings-tilbod bør bli gitt i mindre einingar, og ein auke er truleg mest tenleg å gjøre ved å opprette ei ny eining. Tilboden på Kyrre er lagt under BKS. Kyrre er i eit gammalt bygg med trøng for utbetring og som er mindre eigna som skule. Inntil vidare vil Kyrre oppretthalde aktiviteten i noverande lokale. Arbeidet med å finne betre eigna lokale for denne målgruppa held fram, og Strandgaten 196 kan vere aktuell når BTF flyttar til Haugeveien.

### Amalie Skram vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

Status ledige bygg, Tanks – Bjørgvin – Strandgaten 196- Haugeveien - Margaretastredet

Tank vgs er seld og leigd tilbake til og med 2017. Medan ein driv ombyggingsarbeid på BKS og BHG vil Tanks vere disponibel både for det ordinære undervisningstilbodet ved BKS og Vaksenopplæringa. BKS vil administrere bygget i leigeperioden.

Bjørgvin-bygget vil fram til byggjeprosjektet på Årstad vgs er ferdig framleis ha undervisning av HO-tilbodet som låg til Bjørgvin vgs. Dette dreiar seg om ca. 100 elevar og 15 tilsette inkludert vaksenopplæringstilbodet innan helsefaga. Det vil vere relativt mykje ledig kapasitet i bygget som fram til hausten 2016 er planlagt disponibelt for mellombels løysingar som følgje av gjennomføring av tiltak i SBP. Bygget er ikkje disponert etter hausten 2016, og fylkesrådmannen vil vurdere å legge bygget ut for sal innan kort tid.

Strandgaten 196 er ikkje disponert frå hausten 2015. Fylkesrådmannen vurderer no framtidig bruk, eventuelt sal av bygget.

Haugeveien gjennomgår no mindre ombygging og rehabiliteringsarbeid. Frå hausten 2015 og fram til ei samling av fagskulane vil BTF disponere dette bygget samt Margaretastredet til sin administrasjon og undervisningsaktivitet i Bergen.

Samanslåing Bergen Tekniske Fagskule (BTF) og Bergen maritime Fagskule (BMF)

Programmeringsarbeidet for fagskulen (BMF+BTF) i Haugeveien konkluderte raskt med at det ikkje var mogleg å realisere ein samla fagskule der. Det vart difor sett i gong eit utgreiingsarbeid for å vurdere alternative plasseringar av ein samla fagskule. Resultatet av dette arbeidet vert lagt fram som eiga sak til politisk avgjerd. Fram til ein ny fagskule er på plass vil BMF vere i sine noverande lokale medan BTF frå hausten 2015 flytter ut av Strandgaten 196 og inn i Haugeveien. I tillegg vil BTF disponere Margaretastredet.

## **Region Sør**

Fana gymnas

Den uvisse framtida for skulen er krevjande på fleire måtar. Tilboden ved Fana gymnas har innverknad på skulane i bydelen og nærliggjande bydelar. Med tanke på overkapasiteten på ST i Bergen samla sett, må framtidig dimensjonering av ST-tilbodet gjerast i eit heilskaplig perspektiv og der framtida til Fana gymnas inngår. Skulebygget er gammalt og har trond for utbetringar med tanke på universell utforming. Denne type utbetringar må naturleg nok vente så lenge framtidig aktivitet er uviss.

Fylkesrådmannen arbeider med dimensjonering av tilboden på studiespesialiserande samt dei to nye studieførebuande programma *Kunst, design og arkitektur* og *Medier og kommunikasjon*. Dette vil bli lagt fram i eiga sak for politisk handsaming hausten 2015. Avgjerda om Fana Gymnas si framtid vil bli inkludert i denne saka.

Langhaugen vgs

Gymnastikkalen ved skulen og den eine dansesalen har stor trond for utbetring. Vidare utbygging av skulen må vurderast i samband med strukturen på ST og Studieførebuande program i Stor-Bergen. Elles er det ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

Nordahl Grieg vgs

Flytting av Service og samferdsel (SS) til Stend vgs vil truleg skje i perioden 2017-2025. Elles er det ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

Sandsli vgs

Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

Slåtthaug vgs

Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

#### Stend vgs

Flytting av Service og samferdsel (SS) frå Nordahl Grieg vgs til Stend vgs vil truleg skje i perioden 2017-2025. Elles er det ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

#### Os gymnas

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

#### Os vgs

Det gjennomførast tiltak knytt til utbetring av bygningsmassen; elles er det for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

#### Fusa vgs

Helsefagskuletilbodet vert oppretthalde. Det er inngått leigeavtale om utvida kroppsøvingsareal. Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

### **Region Vest**

#### Generelt om ST-problematikken og Fyllingsdalen, Laksevåg og Olsvikåsen

Hovudproblemstillinga i Region Vest er at for mange skular tilbyr ST, slik at kvar av skulane har problem med å få nok parallellar i høve til ønskt skulestorleik. Skulane har over tid gitt tydeleg utsyn for at det er trond for ei avklaring av situasjonen.

Fylkesrådmannen ønskjer eit betre bilet av totalsituasjonen i Stor-Bergen før han kan tilrå strukturelle endringar. Dette inneber bl.a. ein trond for å avklare situasjonen rundt Fana gymnas. Fylkesrådmannen arbeider med dimensjonering av tilbodet på studiespesialiserande samt dei to nye studieførebuande programma *Kunst, design og arkitektur* og *Medier og kommunikasjon*. Dette vil bli lagt fram i eiga sak for politisk handsaming hausten 2015. Vidare vil Fylkesrådmannen vurdere tilbodet på desse kombinerte skulane i høve til pågående kartlegging av yrkesfaga i Stor Bergen. Denne kartlegginga vert lagt fram som eiga sak for politisk handsaming hausten 2015. Eventuelle strukturelle endringar kan bli sett i verk frå skuleåret 2016/2017.

#### Fyllingsdalen vgs

Skulen slit med elevgrunnlaget særleg på ST. Skulebygget i seg sjølv er godt eigna til eit større tilbod på ST. Elles er det ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

#### Laksevåg vgs

Det er ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen i 2015.

#### Olsvikåsen vgs

Skulen sitt tilbod må vurderast saman med ST- tilbodet i Stor-Bergen. Det kan vere aktuelt å omdisponere eit større areal på skulen til TO. Det er starta arbeid med å realisere tilleggsareal til kroppsøving.

#### Askøy vgs

Askøy kommune har varsla at dei ønskjer å vurdere flytting av skulen til Kleppestø, der dei no har starta eit reguleringsarbeid for eit nytt sentrumsområde. Med stigande elevgrunnlag er det tenkt ei utviding av dagens skule. I økonomiplanen er det avsett midlar til planlegging frå 2017. Fylkesrådmannen har jamleg kontakt med Askøy kommune i forhold til framdrifta på reguleringsarbeidet.

#### Sotra vgs

Realfagsromma på skulen vil bli rusta opp. Elles er det for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

## **Region Sunnhordland**

Det er frå skuleåret 15/16 innført fritt skuleval mellom sørlege delar av Sunnhordland og nordlege delar av Rogaland. Det vil vere ei første evaluering av effektane av denne ordninga etter at inntaket til skuleåret 15/16 er ferdig. I innføringsåret forventar ein moderat effekt, og det vert difor ei meir omfattande evaluering etter 3. år, når dette tilbodet har etablert seg skikkeleg.

Fram mot rullering av Skulebruksplanen i 2016 ønskjer Fylkesrådmannen å starte opp ein prosess saman med skulane i området for å sjå på utfordringane framover i regionen med tanke på elevane sitt reisemønster og næringslivet sitt behov for fagkompetanse. I arbeidet vil ein legge vekt på å sjå heile regionen i samanheng og å kome i dialog med næringsliv og kommunar. Dette arbeidet er planlagt med oppstart hausten 2015.

### Austevoll vgs

Rehabilitering etter brann er slutført, og ny brusimulator er sett i drift. Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

### Bømlo vgs og Rubbestadneset vgs

Bømlo kommune har vedtatt å ikkje kjøpe Bømlo vgs. Planlegging av nytt skulebygg på Rubbestadneset vil, i samsvar med det opphavlege vedtaket i skulebruksplanen, tidlegast starte opp i 2017. I samarbeid med næringslivet er det starta opp arbeid med opprusting av motorhallen på Rubbestadneset vgs.

### Fitjar vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

### Stord vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

### Etne vgs

Når det gjeld Etne vgs, er det gjennomført eit felles prosjekt mellom Hordaland fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune (fylkesutvalssak 126/14), der ein har sett på ulike modellar for samarbeid om vidaregåande opplæring på tvers av fylkesgrensa for elevar i Etne og Vindafjord. Ettersom det parallelt er innført fritt skuleval over fylkesgrensene i området, er det semje mellom fylka om et ein ventar eitt år før ein eventuelt går vidare med eit slikt samarbeid.

### Kvinnherad vgs

Det er for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

## **Region Voss/Hardanger**

### Kvam – Øystese gymnas/Norheimsund vgs

Ny skule skal i framtida ligge i Norheimsund. Fylkeskommunen er i dialog med Kvam herad for å drøfte lokalisering av tomt til ein ny vidaregåande skule. Det er sannsynleg at tomtespørsmålet vert avklart i 2015. Det er starta ein prosess med dei to skulane for å vurdere i kva grad det vil vere tenleg med ein administrativ skule i Kvam fram til den nye skulen er ein realitet.

### Odda vgs

Det er starta opp arbeid med rehabilitering av det gamle yrkesskulebygget. Elles er det for tida ingen særskilt aktivitet med tanke på gjennomføring av tiltak i Skulebruksplanen.

### Nye skular på Voss

Rektorar og ass.rektorar for dei to nye skulane er tilsette. Når det gjeld personalkabalen vidare, vert det neste steget å få på plass avdelingsleiarane før ein gjer tilsettingar for undervisningspersonale og andre faggrupper. Personalprosessane går parallelt for dei nye skulane. Dei nye rektorane som og er rektorar på

eksisterande skular vil framover bli frigjort frå noverande stillingar for å leie arbeidet med samanslåinga av dei 5 eksisterande skulane på Voss.

#### **Nye Voss vgs**

Arbeidet på hovudbygget er godt i gang med *Hent A/S* som totalentreprenør. Ca. 2/3 av sokkelhøgda m/dekke over er bygt til no. I tillegg er det bygt ein idrettshall (ferdig isolert og klar for innvendige arbeid), og denne skal takast i bruk frå august 2015. Alt arbeid er i samsvar med planen.

Verkstad- og garderobebygg er sett opp. Bygget er ferdig utvendig, og innvendige arbeid pågår. Bygget skal overleverast i slutten av juni. Hovudbygget og den nye skulen skal takast i bruk hausten 2016.

#### **Nye Voss Gymnas**

Forprosjekt er lagt fram til politisk utval. Under føresetnad av godkjenning vert det oppstart av byggarbeidet i august 2015. Arbeidet med eit midlertidig skulebygg (modulbygg) pågår. Skulen skal etter planen takast i bruk hausten 2017.

#### **Hjeltnes vgs**

I samsvar med vedtak i Fylkestinget 12.03.2013 er det gjennomført ein moglegheitsstudie med føremål å etablere nye utdanningsprogram og anna berekraftig utvikling ved Hjeltnes vgs. Prosjektgruppa sitt arbeid vart avslutta våren 2015. På bakgrunn av denne vil Fylkesrådmannen leggje fram eiga sak til politisk handsaming. Bygging av nytt drivhus vert også behandla i denne saka.